

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FE - 231	17/1060

Saknr	Utval	Type	Dato
107/2017	Formannskapet	PS	07.11.2017

Kommunale gebyr 2018

Vedlegg:

Journalposttittel Gebyr_Samanlikning 2018 **Dato** 31.10.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2018 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.

Heimel

Plan- og bygningslova,

Matrikkellova,

Lov om seksjonering,

Jordlov og konsesjonslov

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har i dag eit generelt nivå på sine gebyr som ligg i underkant av gjennomsnittet for kommunane i regionen. Dei siste åra har gebyrsatsane i Masfjorden vorte meir normalisert i høve til nabokommunane. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

Fakta

Realiteten i høve til sjølvkost er at det er svært utfordrande å oppnå "sjølvkost" innafor byggesak, deling, oppmåling og plansaker. Årsakene til dette er at kommunen har relativt få søknader, og at kommunen samtidig ønskjer å påverke busetjinga positivt. Stigninga på gebyrsatsane vert på 2,7% i

forhold til 2017.

Vurdering

Å oppnå sjølvkost innafor desse tenestene er difor urealistisk i Masfjorden kommune på grunn av liten saksmengde. Betalingssatsane bør likevel ligge gjennomsnittleg i høve til kommunane i Nordhordland elles - slik at underdekninga blir minst mogeleg. Eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar - vil truleg ikkje ha merkbare konsekvensar for busetnad og tilflytting. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera store.

Konklusjon

Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 107/2017

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

FS - vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2018 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.

Heimel

Plan- og bygningslova,

Matrikkellova,

Lov om seksjonering,

Jordlov og konsesjonslov